



Reguleringsføresegner for detaljreguleringsplan for Storåa i Nord-Fron kommune, Planid. 51620160008.

Vedteke av kommunestyret – sak 90/17, 14.11.2017.

1 FELLESBESTEMMELSER

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til gjeldande plan- og bygningslov samt bygningsvedtekter for Nord-Fron kommune og gjeld innafor området som er vist med plangrense på reguleringsplankartet. Det er ikkje tillate med etablering av private særrettar som er i strid med desse føresegnene.

1.1 Plassering og utforming av bygg.

Bygg skal plasserast slik at dei bryt minst mogleg med naturpreget og anna bygnad i området. Ved godkjenning av byggesøknader i planområdet, skal det leggest stor vekt på god byggeskikk og god estetisk utforming. Visuelt skal ein bryte opp store volum. Bygg innafor same område skal ha ein heilhet når det gjeld farge- og materialbruk. Kommunen kan gjøre vedtak om nærare retningslinjer for byggeskikk i området.

1.2 Byggegrenser.

Nye bygg skal plasserast innafor byggegrensene som er vist på plankartet. Byggegrense mot fylkesveg 419 er 20 m målt frå vegens senterline, om ikkje anna er vist på plankartet. I Veikledalen oppfor botnlastsperre Veiklesaga er det generelt byggeforbod grunna ras- og skredfare (jf. pkt . 8.1), og alt areal innafor planområdet ligg også innafor 100 meter sone med byggeforbod mot vassdrag.

1.3 Gjerde.

Gjerde kan førast opp i tomtegrensa der det ikkje er til hinder for frisiktsone langs veg.

1.4 Dimensjonering i forhold til flaum.

Flaumsikra elvestrekningar, kulvertar, stikkrenner og bruer innafor planområdet, skal dimensjonerast for 200-års flaum + klimapåslag (minimum 20 %).

1.5 Tilgjengelegheit for alle.

Nyanlegg av gang og sykkelveg, gangveg og turveg som er føreslege i planen, skal så langt som råd utformast med tilgjengelegheit for alle. Det same gjeld utforming av leikeplassar og friområde.

1.6 Forhold knytt til støy.

Grenseverdiar i retningslinje T-1442 (retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging) skal leggest til grunn for både anleggsfasen og driftsfasen. Støynivåa innandørs skal tilfredsstille krava i Byggeteknisk forskrift (TEK).

1.7 Radon.

Det blir sett krav om tiltak å for å hindre helseskadelege radonkonsentrasjonar i planlagt bygning, jf. gjeldande byggeteknisk forskrift.



2 REGULERINGSFØREMÅL

Planområdet regulerast til følgjande føremål:

Bygnad og anlegg (pbl. § 12-5 punkt 1)

- Bustadbygnad – frittliggjande småhus (BBF)
- Leikeplass (BUL)
- Andre typar bygg og anlegg – anlegg for flaumførebygging (BA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, punkt 2)

- Kjøreveg (SVK)
- Gang-/sykkelveg (SGS)
- Gangveg (SG)
- Kjøreveg/Turveg – kombinert føremål (SH)
- Parkeringsplassar (SP)
- Anna veggrunn – grøntareal (SAG)
- Anna veggrunn – tekniske anlegg (SAV)
- Trase for jernbane (SBJ)
- Energinett (SIE)
- Kollektivhaldeplass (SKH)

Grønnstruktur (pbl. § 12-5, punkt 3)

- Friområde (GF)
- Friområde/Anlegg for flaumførebygging – kombinert føremål (GH)
- Turveg (GT)

Landbruks-, natur og friluftsområder (pbl. § 12-5, punkt 5)

- Landbruk (LL)
- Landbruk/Turveg – kombinert føremål (LH)
- LNF Friluftsføremål (LF)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 12-5, punkt 6)

- Friluftsområde i vassdrag (VLO)
- Friluftsområde i vassdrag /dam med lausmasse - kombinert føremål (VK)

Omsynssoner (pbl. § 12-6)

- Omsynssone Kulturminnevern
- Faresone ras
- Faresone flaum

3 BYGNAD OG ANLEGG

3.1 Bustadbygnad – frittliggjande småhus (BBF01-BBF08).

- a) I områda BBF01 - BBF08 kan det oppførast frittliggjande bustadhus, uthus, garasje og andre mindre bygningar knytt til hovudføremålet.
- b) Områda BBF01, BBF02 og BBF08 ligger innafor aktsemdsområde med potensiell fare for ras. Dersom byggetiltak skal tillast, og for å minimere faren for skadar på grunn av ras eller steinsprang, stillast det krav om at rasfaren blir nærare kartlagt, og at det blir dokumentert at rasfaren ikkje er til stede eller at det kan gjennomførast nødvendige sikringstiltak som gjer



området sikkert m.o.t. ras. Denne dokumentasjonen og evt. sikringstiltak som er pålagt, skal vera på plass før byggjearbeidet kan starte (jf. Byggteknisk forskrift - TEK).

- c) I forbindelse med byggesøknader, skal det leggest fram situasjonsplan som viser korleis bygg og andre anlegg blir plassert på tomta og i terrenget. Det skal også vere ein plan for parkering og grøntareal.
- d) Grad av utnytting skal reknast som prosent bygd areal (%BYA) av tomtearealet. Parkeringsareal skal inngå i BYA. Ved utbygging av einebustadar kan grad av utnytting vere inntil %BYA = 30 %. Ved utbygging av tomannsbustadar kan grad av utnytting vere inntil %BYA = 40 %.
- e) Bygningar på tomta, skal ver mest mogleg einsarta når det gjeld utforming og takform og ha samanheng i form av val av materialar, kledning, glas, taktekkning og farger. Taktekkingsmateriala skal ha ei ikkje reflekterande overflate.
- f) Parkering skal skje på eiga tomt. Det skal etablerast 2 plassar for oppstilling av bilar for kvar bustadeining. Garasje/carport kan avløyse behov for biloppstillingsplass.
- g) Felles garasje for to naboeigedomar kan oppførast i tomtegrensa. Frittliggjande garasje på eiga tomt, kan innafor reglane i byggeforskriftene, oppførast inntil 0,5 m frå nabogrensa.
- h) Garasje skal plasserast minimum 6 m frå vegkant når den er plassert normalt på vegen og minimum 4 m frå vegkant når den er plassert parallelt med vegen.
- i) Plassering av garasje skal visast på situasjonsplanen, sjølv om garasje ikkje vert oppført på same tid som bustadhuset.
- j) Gesims- og mønehøgder blir rekna ut frå gjennomsnittleg, planert terreng. Maks mønehøgde er 9 m. Maks gesimshøgde er 6,5 m. Bygningar med horisontal takflate skal ha maks høgde 7,0 m.

3.2 Leikeplass (BUL01).

- a) Område BUL01 er regulert til leikeplass og skal nyttast som felles leikeområde.
- b) Området kan opparbeidast for leik, aktivitetar og opphald for bruk gjennom heile året.
- c) Leikeplassen kan om nødvendig sikrast med gjerde eller liknande.

3.3 Andre typar bygg og anlegg – anlegg for flaumførebygging (BA01-BA05)

- a) Områda BA01 og BA02 omfattar botnlasterperre (1) Veiklesaga og botnlasterperre (2) Fagervold. Areal er regulert som byggeområde for damanlegg/botnlasterperrer med damkonstruksjonar og damfylling, flaumlauf, og andre tekniske installasjonar. Anlegga byggast etter tiltaksplan utarbeida av Norges vassdrags- og energidirektorat.
- b) Områda BA03, BA04 og B05 er regulert som byggeområde for flaumsikringsmurar og andre tekniske installasjonar langs Storåa. Anlegga byggast etter tiltaksplan utarbeida av Norges vassdrags- og energidirektorat.
- c) I samband med anleggsarbeid og fjerning av masse frå masselagringsbassenga, blir det vist til *retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*.

4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Kjøreveg (SVK01-SVK14).

- a) Område regulert for kjøreveg nyttast til veg med nødvendig anna sideareal.
- b) Veg SVK01 er del av Rondablikkvegen FV 419 er offentlig veg.



- c) Veg SVK02 er ny Kamp bru over Veikleåa. Brua er offentlig eigd og har kjørebanebreidde 4,0 m. Brua tener også som brusamband for turvegruta som går på b e sider av Veikle a.
- d) Veg SVK03 er del av gardsvegen til Brende. Parsellen er privat veg.
- e) Veg SVK04 er del av Leikavegen som er offentlig veg.
- f) Veg SVK05 er del av  vegen som er offentlig veg.
- g) Veg SVK06, Brendevegen, er offentlig veg.
- h) Veg SVK07 er del av Gudbrandsdalsvegen FV 312, er offentlig veg.
- i) Veg SVK08 er del av tilkomstveg fr  Brendevegen til eigedomen GID 346/12 (Gunnervingen 5A). Parsellen er privat veg.
- j) Veg SVK09 er ny tilkomstveg mot Stor a som skal nyttast i samband med vedlikehald av sikringsanlegg og evt. uttak av masser for   f rebygge flaumskadar i området mellom Gudbrandsdalsvegen og jernbanebrua. Tilkomstvegen skal ikkje vere ope for k yring av allmenta.
- k) Veg SVK10 er del av Industrivegen (parsell av FV 312) er offentlig veg.
- l) Veg SVK11 er del av tilkomstveg til n ringsareal som tek av fr  Industrivegen FV 312. Parsellen er privat veg. Veggen skal ogs  tene som tilkomstveg til Stor a i samband med vedlikehald av sikringsanlegg og evt. uttak av masser for   f rebygge flaumskadar p  strekninga mellom jernbanebrua og Industrivegen (FV312).
- m) Veg SVK12 er del av Bergevegen. Parsellen er privat veg.
- n) Veg SVK13 er tilkomstveg fr  Brendevegen til gnr. 346/28 (Brendevegen 16). Parsellen er privat veg.
- o) Veg SVK14 er tilkomstveg fr  Rondablikkvegen til bustadtomtene gnr. 337/186 og 337/192 (Rondablikkvegen 16 og 18) og for landbrukseigedomen gnr. 337/1 . Parsellen er privat veg.

4.2 Kj reveg/turveg – kombinert f rem l (SH01-SH02).

- a) SH01 fr  Kamp bru mot s r over  a B rju til vegkryss mot kj reveg SVK03, skal nyttast som kombinert kj reveg for Rondablikkvegen 32, 34, 36 og 38 (eigedomane GID 346/1, 344/39, 344/23 og 344/24) og som turveg for allmenta. Det regulerte arealet skal dessutan til ei kvar tid vere tilgjengeleg for bruk som tilkomstveg for maskinar til sikringsanlegga som er bygd langs Stor a i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending.
- b) SH02 fr  vegkryss mot kj reveg SVK03 nedover langs Stor a til gang- og sykkelveg SGS03, skal nyttast som kombinert kj reveg i samband med gardsdrifta p  Brende (GID 346/1) og som turveg for allmenta. Det regulerte arealet skal dessutan til ei kvar tid vere tilgjengeleg for bruk som tilkomstveg for maskinar til sikringsanlegga som er bygd langs Stor a i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending.

4.3 Gang- og sykkelveg (SGS01, SGS02, SGS03, SGS05, SGS06 og SGS07).

- a) SGS01-SGS02 er bygde gang- og sykkelvegar langs Stor a. Det regulerte arealet skal dessutan til ei kvar tid vere tilgjengeleg for bruk som tilkomstveg for maskinar til



sikringsanlegga som er bygd langs Storåa i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending.

- b) SGS03 er areal avsett for bygging av gang- og sykkelveg som forbinder SGS01 med Åvegen. Det regulerte arealet skal dessutan til ei kvar tid vere tilgjengeleg for bruk som tilkomstveg for maskinar til sikringsanlegga som er bygd langs Storåa i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending.
- c) SGS05 er del av gang- og sykkelveg langs Gudbrandsdalsvegen FV312.
- d) SGS06 og SGS07 er del av gang- og sykkelvegar langs Industrivegen (parsell av FV312).

4.4 Gangveg (SG02-SG03).

- a) SG02 og SG03 er areal avsett for bygging av gangbruer over Storåa knytt til gang- og sykkelvegane SGS01 og SGS02.

4.5 Parkeringsplasser (SP01).

Areal regulert for parkeringsplass SP01, skal nyttast til stopp og parkering ved botnlastsperre Veiklesaga og regulert friområde (GF01-GF04), og med tilgang til turstigen/turvegen (GT01) ned langs Storåa (Rjukan).

4.6 Anna veggrunn – grøntareal (SAG01-SAG15).

Områda SAG01 – SAG15 (feltnamn er i hovudsak ikkje er påført plankartet på grunn av plassomsyn) omfattar areal til grøft, vegskjering, vegfylling og andre tekniske anlegg langs veg, gangveg og gang- og sykkelveg. Arealet kan såast til og plantast til så langt det ikkje er til hinder for frisiktsone og siktforhold langs veg. Der SAG ligg inntil eller nær vassdrag skal det leggast vekt på å oppretthalde kantsoner langs vassdraget jf. pkt. 6.2.

4.7 Anna veggrunn – tekniske anlegg (SAV01-SAV24).

- a) Områda SAV01 – SAV24 (feltnamn er i hovudsak ikkje påført plankartet på grunn av plassomsyn) omfattar areal til grøft, vegskjering, vegfylling og andre tekniske anlegg langs veg, gangveg og gang- og sykkelveg.
- b) SAV01 og SAV05 (feltnamn påført kartet) omfattar også areal for vegtilkomst for maskinar til regulerte dammar/masselagringsbasseng oppfor botnlastsperre Veiklesaga og botnlastsperre Fagervold, og kan nyttast i samband med fjerning av masse og vedlikehald/reparasjon av sikringsanlegga. Med omsyn til sikkerheit og tilgang ved ein krisesituasjon, kan tilkomstvegane stengjast med bom. Tilkomstvegane skal ikkje vere oppe for køyring av allmenta.
- c) SAV22 (feltnamn påført kartet) omfattar areal for vegtilkomst for maskinar til den regulerte elvestrekninga mellom jernbanen (SBJ01) og Industrivegen (SVK10) som kan nyttast i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending. Tilkomstvegen skal ikkje vere oppe for køyring av allmenta.

4.8 Trase for jernbane (SBJ01).

SBJ01 omfattar del av Dovrebanen med bru over Storåa.



4.9 Energinett (SIE01).

SIE01 omfattar areal regulert for eksisterande trafokiosk ved Brendevegen.

4.10 Kollektivhaldeplass (SKH01).

Areal er del av busslomme/busshaldeplass som ligg langs Gudbrandsdalsvegen.

5 GRØNSTRUKTUR.

5.1 Friområde (GF01-GF18).

- a) Areala GF01-GF03 langs Storåa og Veslåa ved Rjukan/Kveinnhølen, er offentleg friområde. Friområdet er statleg sikra og er eigd og blir drifta av Nord-Fron kommune. Området sin eigenart skal i størst mogeleg grad takast vare på. Det tillatast mindre tiltak som stigar, enkel belysning, rasteplassar og liknande tiltak som fremjar friluftslivet. Det skal ikkje utførast tiltak som er i strid med allmenne interesser. Attverande tuftar etter kvernhus skal bevarast, og det skal ikkje skje bygge- og anleggstiltak i ei sone på 5 m kring desse.
- b) Areala GF04 langs Veslåa, er regulert som friområde. Området sin eigenart skal i størst mogeleg grad takast vare på. Det tillatast mindre tiltak som stigar, enkel belysning, rasteplassar og liknande tiltak som fremjar friluftslivet. Det skal ikkje utførast tiltak som er i strid med allmenne interesser.
- c) Areala GF05-GF18 langs Storåa på strekninga frå Kveinnhølen til Gudbrandsdalsvegen (SVK07) er regulert som offentleg friområde. Arealet ligg i tilknytning til opparbeida gang- og sykkelveggar/turvegar langs flaumførebygginga. Området tillatast opparbeidd med grøntanlegg og plantning, og i området tillatast mindre tiltak som fremjar friluftsliv, leik og opphald, som enkel belysning, anlegg av rasteplassar, anlegg av enkle leikeapparat og liknande. Mellom det regulerte friområdet og kanten av Storåa, er det sikringsanlegg mot flaum i form av elveforbygging med steinplastring m.m. Over det regulerte friområdet skal det derfor til ei kvar tid vere tilgang til desse sikringsanlegga for maskinar både i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending. Det tillatast vedlikehald og evt. nødvendig forsterking av sikringsanlegga også innafor friområdet, samt skjøtsel og tynning av vegetasjon og liknande. Ved ei flaumhending og ved større sikringsarbeider kan friområdet bli nytta som midlertidig anleggsområde.

5.2 Friområde/anlegg for flaumførebygging – kombinert føremål (GH01-GH06).

- a) Areala GH01 – GH06 nyttast som friområde langs Storåa i kombinert bruk som byggeområde for flaumsikringsanlegga med steinplastring, steintrappar/amfi mm. i elveskråninga.
- b) Det regulerte arealet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for maskinar, og det tillatast vedlikehald og evt. forsterking av sikringsanlegga, som m.a. kan omfatte vedlikehald av steinplastringa, vedlikehald av steintrapper/amfi, stikkrenner, kulvertar og bruer, samt skjøtsel og tynning av vegetasjon.
- c) Areala er omfatta av sone med flaumfare.

5.3 Turveg (GT01-GT03).

- a) GT01 er regulert som turveg/turstig ned langs Storåa gjennom det regulerte friområdet ved Kveinnhølen/Rjukan. Arealet tillatast opparbeidd og vedlikehalde som turveg/turstig for gåande.



- b) GT02 er regulert som turveg/geile ut mot gang- og sykkelvegnett ved Storåa i bustadfeltet ved Brendevegen. Det er ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak eller å bruke arealet som lager og oppstillingsplass.
- c) GT03 er regulert som turveg/turstig ned langs Storåa frå Industrivegen og ut til utlaupet i Laugen. Arealet tillatast opparbeidd og vedlikehalde som turveg/turstig for gåande.
- d) Dei regulerte turvegane skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for bruk som tilkomstveg for maskinar til sikringsanlegga som er bygd langs Storåa i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending.

6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER.

6.1 LNFR Landbruk (LL01-LL13)

- a) I områda LL01 - LL13 kan det drivast landbruk og aktivitet som i dag.
- b) Områda LL01 - LL13 ligger innafor aktsemdsområde med potensiell fare for ras, og dels innafor sone med flaumfare. Innafor areal regulert for LNFR Landbruk kan eksisterande bygningar haldast ved like, men i utgangspunktet er det ikkje tillate med bygging av nye bygningar for varig opphald i området på grunn av potensiell ras- og flaumfare. Dersom det skal oppførast nye bygningar for varig opphald innafor området, stillast det derfor krav om at ras- og flaumfaren blir nærare kartlagt, og at det blir dokumentert at slik fare ikkje er til stede eller at det kan gjennomførast nødvendige sikringstiltak som gjer området sikkert. Denne dokumentasjonen og evt. sikringstiltak som er pålagt, skal vere på plass før byggjearbeidet kan starte (jf. Byggteknisk forskrift - TEK).
- c) I 100-metersbeltet langs vassdraget skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljøet, landskapet, friluftslivet og andre allmenne interesser. Det skal leggjast særleg vekt på å sikre areala i og langs vassdraga for fri ferdsel.

6.2 LNFR Friluftsføremål (LF01-LF07).

- e) Område LF01, ligg i tilknytning til vassdraget sør for botnlastsperre Fagervold og nyttast som friluftsområde. Området kan opparbeidast med tanke på rekreasjon og opphald ved tilrettelegging av utsiktspunkt, informasjonstavler, rasteplassar, gangstig osv.
- f) Områda LF02-LF07, ligg i tilknytning til vassdraget og nyttast som friluftsområde. På desse areala skal det leggjast vekt på å oppretthalde kantsoner med vegetasjon langs vassdraget. Dei regulerte områda omfattar også sikringsanlegg mot flaum i elveskråninga langs Storåa med steinplastring mm. Minstekrav til breidde på vegetasjonsbeltet skal i hovudsak vere minimum 6 meter bredt frå toppen av sikringsanlegget der det er mogleg med tanke på transport etc., og det må vere kjørbart og tilgjengeleg. Det kan ikkje vere vegetasjon som hindrar framkomst innafor denne breidda. Det regulerte arealet skal derfor til ei kvar tid vere tilgjengeleg for maskinar, og det tillatast vedlikehald og evt. forsterking av sikringsanlegga, som m.a. kan omfatte vedlikehald av steinplastringa, graving i elveløpet, vedlikehald av steintrapper, stikkrenner, kulvertar og bruer, samt skjøtsel og tynning av vegetasjon og liknande. Området er dels omfatta av sone med flaumfare.



7 BRUK OG VERN AV VASSDRAG MED TILHØRENDE STRANDSONE.

7.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag (VLO01 – VLO10).

- a) Områda VLO01 – VLO10, skal forvaltast på ein måte som tek vare på vatnmiljø og strandsone og vassdragets funksjon for friluftsliv. Ei slik forvaltning skal ikkje vere til hinder for at det kan gjerast naudsynte tiltak i vassdraget i samband med flaumsikring og reparasjonsarbeider etter ei flaumhending.
- b) Det kan leggjast til rette for fiske.
- c) I vassdraget tillatast vedlikehald av vasstreng og kantsoner som utgraving/fjerning av masser/slam som bygger seg opp, fjerning av drivgods og liknande, forsterkning og plastring av elvebotn og elvebreidd, vedlikehald av stikkrenner, kulvertar og bruer, skjøtsel og tynning av vegetasjon og liknande. Ordinære vedlikehaldstiltak som rører ved vasstrengen skal bare skje i perioden 15. juni til 15. september, men ved akutte flaumhendingar kan naudsynte tiltak også gjerast utanom ovannemnde periode.
- d) Ved ordinære vedlikehaldstiltak som rører ved vasstrengen, skal eventuell sprengstein brukt til plastring vere vaska slik at steinmassen ikkje inneheld steinnåler som skadar fisk og vassfauna.

7.2 Friluftsområde i vassdrag /dam med lausmasse - kombinert føremål (VK01-VK02).

Områda VK01 og VK02 omfattar areal i Veikleåa oppfor botnlastsperre Veiklesaga og botnlastsperre Fagervold, og tener som basseng for oppsamling av lausmasser og drivgods på oppsida av desse. Lausmassar og drivgods som vert frakta med elva til bassenga, skal reinskast opp og fraktast bort årleg eller etter behov, og dette skal helst skje i perioden 15. juni – 15. september kvart år. Med omsyn til samfunnssikkerheit kan masser fjernast, også utanom ovannemnde tidsperiode, ved behov. Bassenga skal vere reinska før kvar vårflaum. Etter ei flaumhending, skal bassenga straks reinskast med omsyn til å oppretthalde tilfredstillande sikkerheit, jf. Byggeteknisk forskrift.

8 Omsynssoner.

8.1 Omsynssone bevaring av kulturmiljø (570_1).

Omsynssona omfattar trase for «Pilegrimsleden» gjennom planområdet. Traseen er vist som omsynssone på plankartet, og følgjer regulert turveg (GT01) frå Rondablikkvegen nedover langs Storåa, vidare del av regulert gang- og sykkelveg (SGS01), vidare regulert gangveg på bru over Storåa (SG02), og vidare del av regulert gang- og sykkelveg (SGS02) til Brendevegen.

8.2 Faresone ras og skredfare (H310_1 og H310_2).

Delar av planområdet er utsett for ras, og er regulert med omsynssone «Faresone ras og skred». Innanfor sona er det ikkje tillate med tiltak som fører til auka personopphald på eigedommen eller tiltak som omfattar store materielle/økonomiske verdiar. Dersom slike tiltak skal tillatast, skal det dokumenterast god nok sikkerheit i forhold til krav sett i byggeteknisk forskrift (TEK). Byggetiltak på etablerte tomter innafør faresonen for ras og skred som har liten konsekvens for personsikkerheit (t.d. garasje og lagerbygning med lite personopphald), kan tillatast inntil 50 m² BRA. Tilbygg/påbygg til eksisterande bustad kan også tillatast, men tiltak er da avgrensa til inntil 50 m² BRA i løpet av



bustadens levetid. En viser til regelverk gitt i byggt teknisk forskrift (TEK)- kap. 7 «Sikkerheit mot naturpåkjenningar».

8.3 Faresone flaum (H320_1 og H320_2).

Delar av planområdet er utsett for flaum, og er regulert med omsynssone «Faresone flaum». Innanfor sone er det ikkje tillate med tiltak som fører til auka personopphald på eigedomen eller tiltak som omfattar store materielle/økonomiske verdiar. Dersom slike tiltak skal tillatast, skal det dokumenterast god nok sikkerheit i forhold til krav sett i Byggt teknisk forskrift (TEK). Byggetiltak på etablerte tomter innanfor faresonen for flaum som har liten konsekvens for personsikkerheit (t.d. garasje og lagerbygning med lite personopphald), kan tillatast inntil 50 m² BRA. Tilbygg/påbygg til eksisterande bustad kan også tillatast, men tiltak er da avgrensa til inntil 50 m² BRA i løpet av bustadens levetid. Ein viser til regelverk gitt i byggt teknisk forskrift (TEK)- kap. 7 «Sikkerheit mot naturpåkjenningar».

9 REKKEFØLGEBESTEMMELSER

9.1 Sikring mot overvann

Nødvendig sikring mot overfløyming frå avrenning av overvatn frå bygningar/asfalterte flater og frå bekker i området, skal vere etablert før det vert teke i bruk nye bygg i byggjeområda. Plassering og dimensjonering av drenering og kulvertar/stikkrenner skal vere slik at område ikkje blir overfløymd og at det ikkje oppstår erosjons- og skredskader mot bygg, veg, jernbane og flaumsikringsanlegg - også med tanke på moglege klimaendringar og auka nedbørsmengder i framtida.

Ved framtidig prosjektering av større bygg og anlegg i området, kan det bli stilt krav om at det blir utarbeidd ein overvassplan for området av fagkyndig personell.

10 RETNINGSLINJE TIL PLANEN.

10.1 Automatisk freda kulturminne.

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, jf. Lov om kulturminner §8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune, slik at vernestyresmaktene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.